

NYTT
FRÅ
**INSTITUTT
FOR
INFORMATIKK**

Nr. 8 12. mars 2010



Gratulerer, Daniel!

Innhald

Meltzerpris til Daniel Lokshtanov
Prøveførelesing
Disputas
Personalfronten
Indikatorar i resultatbasert omfordeling, 2009

Meltzerpris til Daniel Lokshtanov

Daniel fekk på årsmøtet 8. mars tildelt den eine av to Meltzerprisar for yngre forskarar for "banebrytende bidrag til et nytt og raskt voksende felt innen informatikk – datareduksjon som hjelpemiddel til å løse vanskelige beregningsproblemer."

Oppslag i *På Høyden*: <http://www.uib.no/form/nyheter/2010/03/pris-til-unge-forskere>

Vi som kjenner Daniel er ikkje overraska. Gratulerer!



Drøveføreling



Eva Burrows førelis over sjølvvalt emne:
Trend and Challenges in Multicore Programming
Onsdag 17. mars kl. 1215 i aud. 2142, HiB

Disputas



Harald Barsnes disputerer over avhandlinga
Development of Tools for Analyzing and Sharing Proteomics Data
Måndag 22. mars kl. 1015 VilVite-auditoriet

http://www.uib.no/info/dr_grad/2010/Barsnes_Harald.html

Personalfrenten

Søknadsfristen er gått ut for administrasjonssjefstillinga – det var 11 søkjarar – og på det to postdoktorstillingane som hadde 6 søkjarar kvar.

Indikatorar i resultatbasert omfordeling, 2009

Ein del av universiteta si tildeling er resultatbasert. Dette er ein fast pott (omlag 1,4 milliardar kroner) som blir fordelt på grunnlag av fire faktorar,

1. Avlagte doktorgradar (30%)
2. Publikasjonspoeng (30%)
3. EU-inntekter (20%)
4. NFR-inntekter (20%)

Tildelinga for 2010 var basert på resultat i 2008. Som vi merka, fekk UiB ca. 44 millionar mindre enn året før fordi vi var (relativt) mindre produktive i 2008 enn i 2007.


No ligg tala for 2009 føre, og dei syner at UiB kjem ut på om lag 2007-nivå, dvs. i 2011 vil UiB få 45 millionar meir enn i 2010 av desse midlane. "Happy times are here again".

Det er litt interessant å sjå utviklinga av dei ulike komponentane og på ulike nivå på universitetet. Her er UiB sin del (på landsbasis) i dei ulike kategoriane:

	PhD	Pub	NFR	EU	Samla
2006	19,8	16,5	16,8	15,2	17,28
2007	19,6	15,9	20,6	16,4	18,08
2008	18,7	15,1	16,0	8,5	15,04
2009	19,4	14,8	16,7	23,4	18,29

Merk at det er UiB sin relative del som tel. T.d. hadde UiB 7 % **auke** i publikasjonspoeng frå 2008 til 2009, men UiB sin del gjekk **ned** med 0,3 prosentpoeng. På den andre sida hadde UiB ein nedgang i talet på doktorgradar med 10, men auka likevel sin del med 0,7 prosentpoeng sidan dei andre hadde større nedgang.

Her er ei grafisk oversyn over dei same tala:




Vi ser at UiB hadde nedgang på alle indikatorane frå 2007 til 2008, men det var EU-prosjekta som gjorde det største utslaget. Sameleis er det den store auken i EU-prosjekt som "reddar" 2009, på dei tre andre indikatorane er 2009 lågare enn 2007, berre betre enn 2008 som var eit "annus horribilis". Så det er fleire ting for universitetsleiinga å ta tak i. Spesielt har det vore ein nedgang i heile perioden når det gjeld UiB sin del av publikasjonspoeng.

I kroner gir endringa frå 2008 til 2009 om lag +3 millionar for doktorgradar, +41,5 millionar for EU-prosjekt, +2 millionar for NFR-prosjekt, men -1,2 millionar for publikasjonar.

Korleis ser det ut internt på UiB? I NSD sine tal er det berre doktorgradar og publikasjonspoeng som er fordelt på fakultet og institutt.

Her er grafikk for fakulteta:




Vi ser at Mat-nat produserte mest i heile perioden, men vi er einaste fakultetet som hadde nedgang i heile perioden og det bør vera ein del av den nye strategien for fakultetet å gjera tiltak som kan snu denne trenden.

Det er difor verdt å sjå på utviklinga på fakultetet sine institutt.

Grafisk ser det slik ut:

Produksjon (del av totalproduksjonen i Noreg i prosent)



For fakultetet som heile er nedgangen i perioden 22%, frå 4,08% til 3,18%.

Det mest markerte er nedgangen i produksjonen for dei største institutta, biologi frå 1,14% til 0,69%, dvs. ein nedgang på om lag 40% og geovitskap frå 0,47% til 0,30%, om lag 35%. For dei andre institutta ser vi at det har gått litt opp og ned i perioden.

Institutta er av nokså ulik storleik, og det er naturleg å samanlikna produktiviteten med storleiken. Rimelegaste samanlikningskriteriet er tilsette i faste vitenskaplege stillingar:

